



Lindås Senterbygg AS  
Trond Helland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1480 - 15/7297

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

13.04.2015

## Pålegg om installering av fettutskiljar gbnr 108/1 - Lindås senter

Lindås kommune ved Teknisk drift VA har, per dags dato, ikkje motteke melding om at det er installert fettutskiljar ved restauranten Mama Rosa i Lindås senter. Vi gjer merksam på at det i Lindås kommune er krav om fettutskiljar ved alle restaurantar, snackbarar, kantiner, ferskvaredisker osv .

Vi ber Dykk nå sørgje for det ved Mama Rosa i Lindås senter vert installert fettutskiljar. Anleggets størrelse vil avhenge av produksjonen ved verksemda. Før installering av anlegg skal størrelse godkjennast av Teknisk drift, VA. Det må derfor sendast inn berekningsgrunnlag for val av utskiljarstørrelse. Vi gjer merksam på at Lindås kommune, i forskrift, har bestemt at minste tillete størrelse på utskiljaranlegg er NS4.

Teknisk drift sett nå ei frist for installering av utskiljaranlegg. Frist for innstilling av utskiljaranlegg vert sett til: **1.juli 2015.**

Etter dette kan Teknisk drift ilegge eiedommen tilleggsgebyr dersom pålegg ikkje vert etterkome, jf forskrift for fettutskiljar Lindås kommune punkt 9.2 der det heiter:

*Ved brot på Sanitærreglementet med tilhøyrande forskrifter og normer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp stenga eiedomens vasstilførsel og halda den stengt til forholdet er retta. Med heimel i Forskrifter for vatn og avløpsgebyrer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp ilegga eiedomen 100 % tillegg i avløpsgebyr dersom den gebyrpliktige unnlater å etterkomme pålegg om utbetring av manglar på avløpsanlegg eller sanitær- utstyr som medfører auke belastning på leidningar og reinseanlegg. Gebyret løper inntil pålegget er etterkome.*

Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga at Teknisk drift VA krev installering av fettutskiljar ved Lindås senter. Fettutskiljar skal tilknyttast spillvassleidnings slik at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut. Føremålet med utskiljaren er å separere fett frå prosess- og avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og skaper problem for leidningsnettet og reinseanlegg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar VA

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne Helgesen

**Mottakarar:**  
Lindås Senterbygg AS